

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 01.04.2019
Vår ref.: 2018/17274-21
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019 - orientering om vedtak

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane kom til gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*, og er vidareført etter at handlingsplanen frå 2018 inngjekk i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*. Kommunane kan søka om støtte til mindre tiltak på eller ved kommunal eller fylkeskommunal veg, med ein maksimal kostnad på 250.000 kr eks. mva. Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr).

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 14 søknadar om tilskot, fordelt på 10 kommunar. Tre kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Samla er det søkt om kr 2.086.200 i tilskot, til tiltak med ein samla estimert kostnad på kr 3.251.000.

Saka skulle handsamast av fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i møte 26. februar, men møtet vart avlyst og utsett til 5. mars. FTU gjorde då følgjande vedtak i saka:

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019 i tråd med saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Scarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500
Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
TOTALT		1 128 700

Om tildelinga

Samanlikna med tidlegare år kom det inn få søknadar til årets tildeling. Samla søknadssum låg om lag på nivå med den ramma tilskotsordninga har hatt tidlegare år. Alle tiltaka det er søkt om har vore gjennom ei fagleg vurdering, som også inkluderer ei nytte- og kostnadsvurdering. Tilskotsordninga har som krav at søkjarkommunane skal ha ein oppdatering trafikksikringsplan, og at tiltaka det vert søkt om ikkje har ein

totalkostnad på over 250.000 kr. (eks. mva). Ikkje alle søknadane tilfredstilte desse krava. Vurderingane som er gjort i tildelingssaka er gjort greie for i saksframlegget.

Møteprotokoll og saksframlegget for denne saka (PS 15/2019) følgjer etter dette brevet. De finn også vedtak og alle dokument, inkludert vedlegg på våre heimesider:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=1011>

Vilkår for tilsegna

Det vert lagt til grunn at tiltaka som har fått tilsegn om midlar skal gjennomførast i løpet av inneverande år. Om tilskotsmottakar ser at tiltaket likevel ikkje lar seg gjennomføra innan slutten av 2019, må vedkommande snarast melda dette til fylkeskommunen, og seinast innan byrjinga av desember 2019. Tiltaket kan seinast vera ferdigstilt i løpet av påfølgjande år.

Me syner elles til retningslinene for tilskotsordninga og ber dykk særleg merka dykk følgjande:

- Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr). Resten, inkludert eventuelle overskridingar, må tilskotsmottakar dekkja.
- Om eit tiltak får mindre kostnadar enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande.
- Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknad og vedtak.
- Om tilskotsmottakar gir misvisande opplysningar, eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med vilkåra, vil tilskotet verta avkorta/inndratt.

Rapportering og utbetaling

Tilskotsmottakar må fylla inn rapporteringsskjema, levera prosjektrekneskap med endelege kostnadar og dokumentera tiltaket med før- og etterbilete. Utbetaling av tilskot vil skje så snart tiltaket er ferdigstilt, og rapporteringsskjemaet med vedlegg er sendt inn.

Rapporteringsskjema, retningsliner for tilskotsordninga og anna informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-mindre-trafikksikringstiltak-i-kommunane/>

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2018/17274-19

Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg

Saksgang

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019

Samandrag

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane kom til gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*, og er vidareført etter at handlingsplanen frå 2018 inngjekk i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*.

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 14 søknadar om tilskot, fordelt på 10 kommunar. Tre kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Samla er det søkt om kr 2.086.200 i tilskot, til tiltak med ein samla estimert kostnad på kr 3.251.000. Dei fleste tiltaka er retta mot mjuke trafikantar, gjeld kommunal veg og ligg langs skuleveg. Tiltaka inkluderer rekkverk, veglys, gangfelt og fortau, med meir.

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. I vurderingane er det mellom anna lagt vekt på trafikksikringsverknad og kostnad og nytte, sett i samanheng med dei stadlege tilhøva.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føra til at fleire vel å gå eller sykla, i staden for å køyra bil.

Folkehelse: Sjå «Klima» ovanfor.

Regional planstrategi: Satsing på trafikktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019 i tråd med saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Kommune	Omtale av tiltaket	Framlegg tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Skarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500
Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
TOTALT		1 128 700

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 26.02.2019

Vedtak

Møtet vert avlyst og utsatt til 05.03.2019.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 05.03.2019

Jon Askeland (SP) stilte spørsmål om han var inhabil. Askeland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Møte blei leia av nestleiar i utvalet, Stein Inge Ryssdal.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland vedtok samrøystes at Askeland ikkje var inhabil.

Askeland tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019 i tråd med saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Kommune	Omtale av tiltaket	Framlegg tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Skarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500

Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
TOTALT		1 128 700

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Mindre fysiske 2019 - Oversikt søknadar - vedlegg til sak
- 2 Mindre fysiske ts-tiltak 2019 - Alle søknadar og dokument - vedlegg til sak

Fylkesrådmannen, 07.02.2019

Bakgrunn

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane vart etablert gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*, og er vidareført etter at handlingsplanen frå 2018 inngjekk i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*, som er eit samla handlings- og byggeprogram for *Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Målet med ordninga er å styrka det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane, gjennom tilskot til fysiske tiltak prioritert i kommunale trafikksikringsplanar. Desse tiltaka kan gjerne vera små, men likevel av stor betydning.

Om tilskotsordninga

Tilskotsordninga er retta mot kommunane i Hordaland og gjeld fysiske trafikksikringstiltak på eller ved kommunal eller fylkeskommunal veg. Kommunane kan søka om støtte til mindre tiltak med ein maksimal kostnad på 250.000 kr eks. mva. Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr). Resten, inkludert eventuelle overskridingar, må kommunane dekkja. Om eit tiltak får mindre kostnader enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande. Om ein kommune søker om støtte til fleire tiltak, må dei syna fram ei prioritering mellom tiltaka.

I tillegg til kravet om kommunal eigendel er det etter retningslinjene for tilskotsordninga eit krav om at kommunane har ein oppdatert trafikksikringsplan, og at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.

Endringar i ramma for tilskotsordninga

Ramma for tilskotsordninga har tidlegare år vore på 2 millionar kroner. Dette var også utgangspunktet før årets søknadsrunde. Som skildra under kom det inn langt færre søknadar til tilskotsordninga i 2019 enn venta. Samla søknadssum ligg omtrent på ramma for tidlegare år. Då nokre søknadar fell utanfor kriteria for tilskotsordninga, er det grunnlag for å trekka ned årets ramme. Dette kan ein gjera då budsjettsaka som styrer ramma for tilskotsordninga, vert lagt fram i same møte i utvalet. I tillegg til søknadar som ikkje møter kriteria, vert midlar knytt til tilsegn som fall bort i 2018 overført til ramma for 2019. Det same gjeld restbeløp frå tilsegn der sluttkostnad på tiltaka vart lågare enn førespeila i søknad. Samla utgjør dette kr 243.750. Det gir eit rom for omfordeling av midlar frå tilskotsramma til *mindre fysiske trafikksikringstiltak*, til andre postar på FTU-budsjettet.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at om ein politisk vil gjera endringar i forslag til tildeling, må ein også endra på fordelinga i forslag til budsjett for FTU 2019.

Om søknadane

Innan søknadsfristen 1. januar var det kome inn 14 søknadar om tilskot, fordelt på 10 kommunar. Tre kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Samla er det søkt om kr 2.086.200 i tilskot, til tiltak med ein samla estimert kostnad på kr 3.251.000.

Det har kome inn betydeleg færre søknadar enn tidlegare år. Gjennomsnittet for åra 2015-2018 er 33,75 søknadar fordelt på 15,5 kommunar.

Dei fleste søknadane gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar. Tiltaka inkluderer etablering av rekkverk, veglys, gangfelt og fortau, med meir. Ti av fjorten søknadar gjeld kommunal veg. I alle søknadane er det oppgitt at tiltaka ligg langs skuleveg. Åtte av desse ligg i tettbygde strøk og fire tiltak er knytt til kollektivknutepunkt eller haldeplass. Det er kome inn søknader frå alle delar av fylket.

Om vurderinga av søknadane

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med røynde fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. Vurderinga tar utgangspunkt i retningslinene for tilskotsordninga, der det mellom anna står:

«Det vert lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit breitt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt.»

Tiltaka er rangert etter kor gode trafikksikringstiltak dei er, samt om turvande forundersøkingar er gjennomført. Ulike faktorar spelar inn i den faglege vurderinga, som til dømes trafikkmengde, fartsmålingar, siktilhøve, åtferd hjå køyrande og fotgjengarar, risiko for ulykker, kostnadar og venta risikoreducerande effekt ved tiltaka. Den samla vurderinga er kvalitativ.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Med relativt få søknadar er me i ein heilt annan situasjon enn til dømes fjor, der konkurransen om tilskotsmidlane var stor. Ved årets tildeling har ein i realiteten moglegheita til å gi tilskot til alle søknadar som møter kriteria for tilskotsordninga. Det er likevel gjort faglege vurderingar av tiltaka det er søkt om, då det er viktig me kan stå inne for den faglege kvaliteten på dei tiltaka som får tilsegn om midlar. I dei faglege vurderingane inngår også nytte- og kostnadsvurderingar. Her vert kostnaden til tiltaket vurdert opp mot venta verknad på trafikksikkerheita, og kor mange som vil dra nytte av det. Dei fleste tiltaka det er søkt om er vurdert som gode trafikksikringstiltak, der det ofte er nytte- og kostnadsvurderingane som skil dei frå kvarandre.

Til årets tildeling har det kome inn fleire søknadar som fylkesrådmannen meiner ikkje møter grunnleggande kriterium i tilskotsordninga. Dette gjeld til dømes kravet om ein oppdatert kommunal trafikksikringsplan. Trafikksikringsplanane til Stord (2012-2016), Ullensvang (2009-2012) og Voss (2012-2015) har gått ut, når ein legg til grunn planperiodane deira. Dei har søkt om høvesvis «Mobil fartvisingstavle» (**tiltak 10**), «Fv108 Husevegen, sikring av skuleveg med fortau og rekkverk» (**tiltak 12**) og «Ljossetting av gangfelt nær skular i Voss kommune (Skulestad, Palmafossen, Bjørgum)» (**tiltak 14**).

Stord sin plan vart, trass planperioden, først endeleg vedtatt av kommunestyret i mai 2014. Den er såleis «ferskare» enn ein skulle tru. Kommunen meldar at planen vert rullert i år. For Ullensvang vil det verta utarbeidd ein ny trafikksikringsplan når dagens herad går inn i ein ny storkommune frå 2020. På Voss meldar kommunen at arbeidet med utarbeiding av ein trafikksikringsplan for nye Voss herad er i gang. Planen skal vedtakast av heradsstyret ein gang etter samanslåinga. Fylkesrådmannen ser positivt på at rullerte planar er på veg, men vil påpeika viktigeita av å oppretthalda kravet om oppdatert trafikksikringsplan. Det er kjend ute i kommunane at dei må ha ein oppdatert plan for å kunna søka tilskotsmidlar frå HFK. Tilskotsmidlane vert då eit insentiv for å få rullert planen. Dette insentivet vert svekka om me ikkje held fast ved kravet.

Fylkesrådmannen meiner også **tiltak 2** «Leskur/venteskur på busshaldeplassar i Stongafjellsvegen» (Askøy) fell utanfor kriteria i tilskotsordninga. Dette tiltaket er vurdert å ikkje vera eit trafikksikringstiltak, men heller eit tiltak for å leggja til rette for kollektivreisande. Fylkesrådmannen vil leggja til at sjølv om fylkeskommunen ved Skyss er ansvarleg for drift av kollektivtilbodet, er det kommunen sitt ansvar å syta for busskur langs kommunal veg. Det er vanleg at kommunal veg inngår i busstraseane i Hordaland.

I retningslinjene til tilskotsordninga heiter det at tiltaket totalt ikkje kan overskrida kr. 250.000 eks. mva. Til årets tildeling kom det inn *ein* søknad som overskrider den øvre kostnadsgrensa. Dette gjeld **tiltak 8** «Betre lyssetting og av- og påstiging v/ Nore Neset barneskule og ungdomsskule» i Os kommune. I søknaden er totalkostnad oppgitt til kr. 500.000. Kostnadsgrensa avgrensar kva tiltak kommunane søker om. Vel ein å opne opp for tiltak med høgare kostnad, vil tildelingsgrensa (inntil 175.000 kr og 70 prosent av tiltaket sin kostnad) framleis ligga fast, medan kommunal eigendel vil auka. Fleire kommunar vil nok ønskje dette velkommen. Ein fordel med å ha ein maksgrense på kostnad, er at tiltak med avgrensa storleik er lettare å få gjennomført i løpet av året, slik tilskotsordninga legg opp til. Ei ulempe er at det er vanskeleg å behandla søkjarane likt. Søknadar med dårlege og urealistisk låge kostnadsoverslag (innanfor kostnadsgrensa), kreativ «oppstykking» av prosjekt eller anna, kan enda opp med tilskot, medan søknadar som oppgir kostnad over grensa ikkje får det. Ein forsøker å ta høgde for dette i sakshandsaminga.

I tildelingsssaka for 2018 vart politikarane presentert for to alternative tildelingar, der alternativ A var ei fagleg tilråding av tiltak uavhengig av kostnadsgrensa, medan alternativ B tok høgde for kostnadsgrensa. Politikarane vedtok her å tildela etter alternativ B. Fylkesrådmannen legg kostnadsgrensa til grunn for sitt forslag om tildeling i 2019.

For **tiltak 5** «Fortau og busslomme Våge skule og opphøgd fotgjengarovergang Fv541» er det usikkert om det er grunnlag for å etablera opphøgd fotgjengarovergang, då det ikkje er gjennomført teljingar av kryssingar. Trafikken er relativt låg, med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 1000-1200 (2017), og om nokre år vil den verta ytterlegare redusert, då det gjennom Bømlopakken skal det byggast ny veg i området. Det vil gjera den aktuelle vegstrekninga til ein lokalveg. Det vil framleis gå buss på vegstrekninga.

Sjølv om grunnlaget for etablering av opphøgd gangfelt er usikkert, vil det likevel vera eit godt tiltak å forbetra kryssingspunktet, etablera fortau i busslomma og stramma opp avkøyrsele inn til skulen. Til dette er truleg kostnadsramma for låg, og såleis vil ikkje denne løysinga inngå i fylkesrådmannen si tilråding til vedtak.

Tiltak 9 «Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og lyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen» (Radøy) er todelt. Første del av tiltaket gjeld sikringsarbeid på Sævdalsvegen. Dette er ein kommunal blindveg som gir tilkomst til eit mindretal bustadar. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på vegen ligg truleg under 100. Vegen er smal og farta truleg låg. På eit kortare parti ønskjer kommunen å etablera støypekantar. Kostnad på denne delen av tiltaket er rekna til om lag 125.000 kr. eks mva.

Det er søkt om 2 lampepunkt for å forbetre belysninga kring busstoppet. Ved busstoppet er det allereie eit lyspunkt. Det er også eit lyspunkt ved krysset til Sævdalsvegen. Vurderinga frå Statens vegvesen er at ein ikkje vil tilrå å forsterka belysninga utover desse punkta. Fylkesvegen før og etter Sævdalsvegen er ikkje belyst. Med sterk belysning i eit konsentrert punkt vil vegen på kvar side bli oppfatta som svært mørk. Auga våre treng tid på å tilpassa seg raske overgangar mellom lys og mørke. Som køyrande vert det då vanskelegare å få auge på mjuke trafikantar som er i nærleiken, men ikkje oppheld seg i lyset frå veglysa. Samla sett vil dette truleg ikkje føra til auka tryggleik. Første del av tiltaket vil ha ein positiv trafikksikringsverknad, men særst få vil dra nytte av tiltaket. Fylkesrådmannen vil under tvil tilrå tildeling til sikringstiltak i Sævdalsvegen. Tiltaket var det som dårlegast ut av den faglege vurderinga, saman med **tiltak 2** «Leskur/venteskur på busshaldeplassar i Stongafjellsvegen».

Tabell 1: Søknader om tilskot 2019, med vurderingar. Raud farge indikerer avvik frå øvre kostnadsgrense. Resultata av dei faglege vurderingane er vist med ein blåtoneskala. Jo betre tiltaka kom ut av fagleg vurdering, jo lysare blå er dei markert med.

Nr.	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Kostnad	Søknadssum	Fag. vurd.	Særskilte merknadar	Forslag tildeling
1	Askøy 1	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	190 000	110 000			110 000
2	Askøy 2	Leskur/venteskur på busshaldeplassar - Stongafjellsvegen.	250 000	175 000		Ikkje vurdert som ts-tiltak	
3	Askøy 3	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Scarholmen	120 000	80 000			80 000
4	Bømlo 1	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	250 000	175 000			175 000
5	Bømlo 2	Fortau og busslomme Våge skule og opphøgd fotgjengarovergang Fv541	250 000	175 000		Usikkert om grunnlag for overgangsfelt. Kostnadsramma for låg for god løysing	
6	Fitjar 1	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	216 000	151 200			151 200
7	Fitjar 2	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	250 000	175 000			175 000
8	Os	Betre lyssetting og av- og påstiging v/ Nore Neset barneskule og ungdomsskule	500 000	175 000		Over øvre kostnadsgrense	
9	Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	155 000	108 500		Redusert tildeling. Einskilde veglyspunkt er ugunstig her.	87 500
10	Stord	Mobil fartvisningstavle	70 000	49 000		Manglar oppdatert ts-plan. Ikkje vurdert som fysisk tiltak.	
11	Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	250 000	175 000			175 000
12	Ullensvang	Sikring av skuleveg med fortau og rekkverk, Fv108 Husevegen	250 000	175 000		Manglar oppdatert ts-plan. Gjekk ut i 2012.	
13	Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	250 000	187 500			175 000
14	Voss	Ljossetting av gangfelt nær skular i Voss kommune (Skulestad, Palmafossen, Bjørgum)	250 000	175 000		Manglar oppdatert ts-plan. Gjekk ut i 2015.	
TOTALT			3 251 000	2 086 200			1 128 700

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen tilrår at FTU gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane i 2019 i tråd med saksutgreiinga. Det gir tilsegn om midlar til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Framlegg tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Scarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500
Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
TOTALT		1 128 700